



DET KONGELIGE FORNYINGS-
OG ADMINISTRASJONSDEPARTEMENT

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

16 FEB. 2007

Saksnr.	07/420 - 2
Arkivnr.	032
Sakshand.	CRE Avd. LAN

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Dykkar referanse
2007/420-1/032

Vår referanse
200700278-/HAU

Dato
14 FEB 2007

Reforhandling av husleigeavtale for landbruksavdelinga

Viser til brev frå dykk av 25.01.07 om nemnde sak. Fylkesmannen ber om fullmakt til å samarbeide med Sogn og Fjordane fylkeskommune om framtidige lokalar for den regionale landbruksforvaltninga.

I St. meld.nr 12 (2006-2007) vert det føreslege å overføre store deler av det som i dag er fylkesmannen si landbruksavdeling til dei nye regionane (fylkeskommunane) frå 01.01.10. I meldinga vert fleire alternativ for regional inndeling oversendt Stortinget til handsaming og forslag til endeleg inndeling for dei nye regionane vil ikkje bli fremja før i 2008. Det betyr at staten ikkje vil ha ansvar for kvar desse kontora skal lokalisrast i framtida. Det er det dei nye regionane som bestemmer.

Det er viktig at staten nå ikkje gjer vedtak som seinare fører til uheldige bindingar for dei nye regionane, verken økonomisk eller administrativt. Det betyr at departementet ikkje vil tilrå at fylkesmannen medverkar til at det vert gjort disposisjonar som bind dei nye regionane før Stortinget har gjort endeleg vedtak om inndeling.

Husleigeavtala fylkesmannen i Sogn og Fjordane har for landbruksavdelinga, lokalisert i Førde, går ut i løpet av 2007. Det er derfor naudsynt å inngå ny avtale for leige av kontorlokale.

Departementet legg derfor til grunn at:

- Det ikkje vert inngått ei ny husleigeavtale som kan legge uheldige bindingar for dei nye regionane, verken økonomisk eller administrativt.
- Ein skal inngå avtalar til lågast mogleg pris i høve til funksjonalitet og plassering.
- Dersom det vert inngått avtalar med bindingstid utover 2010 skal dei vere slik at dei

Postadresse
Postboks 8004 Dep
N-0030 OSLO

Kontoradresse
Akersg. 59

Telefon
22 24 90 90
Org no.
972 417 785

Avdeling for statlig forvaltning
Telefaks
22 24 95 17


Saksbehandlar
Øystein Hauge
22 24 4982

kan seiast opp ved vedtak Stortinget som gjer at ansvaret for leigeavtale vert overført til andre enn staten eller at dei aktuelle arbeidsplassane vert flytt.

- Det er positivt at det vert etablert samarbeid med dei nye regionane/fylkeskommunane fram mot iverksetjing av reforma, men i spørsmål som dette bør ein likevel vente til Stortinget har gjort endeleg vedtak om inndeling.

Vi ber om at ei ny leigeavtale vert lagt fram for departementet før den vert signert.

Med helsing


Svein Berbu (e.f.)
avdelingsdirektør


Øystein Hauge